

Rogaland Fylkeskommune


Bømlo, 7. februar 2018

ALSTEIN, RANDABERG KOMMUNE – SØKNAD OM LØYVE TIL AKVAKULTUR I FLYTANDE ANLEGG

Bremnes Seashore søker med dette om klarering av lokaliteten Alstein i Randaberg kommune med ein maksimal tillaten biomasse (MTB) på 6 240 tonn. Lokaliteten vil knytast til løyva R FD0016, R SS0008, R SS0018, R ST0012, R ST011, R SS0011, R ST0002, R V0001.

Lokaliteten ligg vest for øya Alstein i Håsteinfjorden, mellom fastlandet og Kvitsøy og er relativt eksponert for vær og bølger.

Bremnes Seashore treng auka lokalitetskapasitet, særskilt i utsettssone for vår-partal, og treng difor fleire lokalitetar og høgare lokalitets-MTB. Lokaliteten vil i tillegg vera del av ei utvikling med meir eksponerte lokalitetar nær land.



Bremnes Seashore vil vere i front om kystnære eksponerte lokalitetar

Oppdrettsnæringa treng tilgang til lokalitetar med gode tilhøve for berekraftig oppdrett av laks. Dette gjer at næringa ser etter meir eksponerte lokalitetar, kor straumforholda gir gode tilhøve for fiskehelse og mindre påverknad på naturen. Straumtilhøva med Alstein er slik at vasstransporten i all hovudsak går nordover med kyststraumen.

Bremnes Seashore meiner at dette er ein av vegane å gå for å gjera næringa meir berekraftig og vil derfor delta i denne utviklinga. Me har erfaring frå drift av delvis eksponerte lokalitetar, spesielt lokaliteten Hesbygrunnen 22596 i Stavanger. Dette er lokalitetar med gode tilhøve og gode driftsresultat. Lokalitetane har også gitt oss god kunnskap om korleis me ivaretek HMS slike eksponerte lokalitetar, noko som har gjeve oss eit godt grunnlag for å drifta meir eksponerte lokalitetar.

Bremnes Seashore har dei siste åra ønskt å ta steget frå delvis eksponerte til eksponerte lokalitetar. Dette gjorde at me søkte og fekk godkjent lokaliteten Lyregrunnen 45024 i Stavanger kommune 27.05.2020. Lokaliteten ligg i Ryfylkebassenget og er eksponert då den ikkje ligg i skjul bak øyer og ved vind frå vestsørvestkan det bli vêrhardt. På denne lokaliteten vil det bli teste ut ny teknologi som vil kunne gjere eksponerte lokalitetar driftssikre. Me arbeider for tida med å setja Lyregrunnen i drift.

På bakgrunn av dette søker Bremnes Seashore om klarering av lokalitet ved Alstein. Lokaliteten ligg eksponert for vind frå sørsørvest og slik får me testa ut robust teknologi for produksjon og driftssikkerheit samtidig som me får bygd opp erfaring og kunnskap på to eksponerte lokalitetar parallelt.

Bremnes Seashore treng føreseieleg tilgang til råvarer heile året


Bremnes Seashore meiner det er viktig at mest mogleg av verdiskapinga frå sjømat næringa skal skje i Noreg. Gjennom merkevarene SALMA og BÖMLO og ei historie med banebrytande produksjonsmetodar, har Bremnes Seashore bygd opp ei viktig foredlingsverksemd i Bømlo kommune. Fabrikken i Øklandsvågen gjev arbeidsplassar til om lag 200 personar.

SALMA var Noregs fyrste merkevare av fersk laksefisk retta mot konsumentar, og har blitt synonymt med laks av høg kvalitet. Gjennom SALMA og BÖMLO er Bremnes Seashore ei føregangsverksemd i utviklinga av sjømat næringa og tilbyr no eit komplett produktspekter – frå heil fisk, filet og loin til produkt som laksetaco og lakseburger.

Jamn og føreseieleg tilgang på råvarer er ein grunnleggjande føresetnad for pakkeri- og foredlingsverksemda. Sterke merkevarer må vera å finna på marknaden alle dagar gjennom året for å sikra føreseielege leveransar av råvarer til desse produkta, og for å skape stabile arbeidsplassar i pakkeri- og foredlingsverksemda i Bømlo kommune, treng Bremnes Seashore ei god fordeling av anlegg i dei ulike utsettsonane. Situasjonen i Bremnes Seashore er vist i følgjande tabell:

MTB	Vår-partalsår	Haust-partalsår	Vår-oddetalsår	Haust-oddetalsår
PO 2	0	6 720	0	20 760
PO 3	5 070	14 040	15 600	6 630
Sum	5 070	20 760	15 600	27 390

Bremnes Seashore har per i dag ei svært ujamn fordeling mellom dei ulike utsettsoneane, og treng difor auka kapasitet i sone med utsett vår-partalsår, noko grafen under viser.



Med Alstein sin MTB på 6 240 tonn vil situasjonen vera slik:

MTB	Vår-partalsår	Haust-partalsår	Vår-oddetalsår	Haust-oddetalsår
PO 2	6 240	6 720	0	20 760
PO 3	5 070	14 040	15 600	6 630
Sum	14 910	20 760	15 600	27 390

Ein ny lokalitet ved Alstein vil bidra til å jamna ut situasjonen mellom dei fire utsettsoneane, og betra situasjonen i utsettperioden vår-partalsår. Bremnes Seashore sin pakkeri- og foredlingsaktivitet gjer at ein jamn slaktesituasjon er særskilt viktig for oss, noko som gjer at me har særskilt trong for lokaliteten.

Alstein

Området er klarert for oppdrettsverksemd etter plan- og bygningslova. Randaberg kommune vedtok kommuneplanen 20.06.2019, og arealet er her avsett til akvakultur. Arealdelen av kommunedelen blei godkjent og stadfesta av Kommunal- og moderniserings departementet 02.02.21. Akvakulturanlegget ligg i arealformålet akvakultur, medan fortøyingane går ut i arealformål NFFF *område for bruk og vern av sjø og vassdrag*. Fortøyingane ligg innan omsynssone H190 *sikringssone for fortøying av akvakulturanlegg*.

Aust for Alstein ligg hovudleia *Feinsteinsleia-Karmsund* med retning nord-sør. Nord for lokaliteten går bileia *Ferje Kvitsøy-Mekjavik* og sør går bileia *Håsteinfjorden* – begge med retning aust-vest. I all hovudsak går trafikk nord og søraust for lokaliteten, delvis grunna Alsteinfluene sørvest for Alstein øy. Det er rutegående trafikk i nærleiken av lokaliteten. Ferjeruta *Kvitsøy-Mekjavik* går nord for øya Alstein, og Fjordline si rute *Bergen-Stavanger-Hirtshals* går aust for Alstein. Lokaliteten ligg i raud sone for Gjerdholmen lykt i nord og Bragen lykt i aust.

Det er ikkje registrert nokon låssettingsplassar i anleggs- og influensområdet. Det er registrert tre rekefelt i influensområdet; Kvitsøyfjorden nord-aust, Gåsholmen sørvest og Håsteinfjord i sør. Det er også registrert eit gyteområde for torsk aust for Alstein som ligg i influensområdet.

Dyrelivsfredningsområdet og naturreservatet Heglane og Eime ligg mott nord-vest i utkanten av influensområdet. Øya Alstein er del av Jærestrendene landskapsvernområde. Det er registrert raudlista artar innan kategoriane CR, VU, EN og NT i influensområdet med stor verdi. Det er også forventta hekking av raudlista fuglerartar. Oppdrettsverksemd ved Alstein vil truleg ha liten negativ effekt på sjøfugl og raudlista artar under hekking på grunn av avstand (minimum 400 meter).

Søraust for Alstein ligg den nasjonale laksefjorden Kysten Jæren-Dalane. Laksefjorden ligg utanfor influensområdet til lokaliteten og vil slik ikkje bli påverka av etableringa av oppdrettsverksemda.

Det er ikkje registrert spesielle naturtypar i tiltaksområdet medan det er registrert fleire naturtypar i i influensområdet. Det finast større tareskogsførekomstar med Austholmane (nordvest om lag 1,5km), Alstein (aust 340 meter), Store Kråga (nord om lag 1,3km), Djuleflua (vest om lag 800 meter) og Alsteinfluene (sør om lag 1,5km). Det er også registrert to skjelsandførekomstar, ein på nordsida av Alstein på om lag 750 meters avstand med verdi B (viktig med stor verdi) og ein ved Kvitsøy om lag 1,3 km avstand med verdi A (svært viktig med stor verdi). Næringssalta og den organiske belastinga frå oppdrettsverksemda vil ha liten påverknad på dei nemnde naturtypane då området har sterk straum.

Den omsøkte lokaliteten ligg i god avstand til dei næraste lokalitetane, med to lokalitet ligg innan fem kilometer. Grieg Seafood Rogaland AS sin lokalitet 14136 Hestholmen Ø ligg om lag 4,5 km mot nordvest mål rundt kystkonturen. I tillegg ligg Kvitsøy Edelskjell AS sin lokalitet 16516 Kåregrunnane Ø ligg om lag 4,5 km mot vest rundt kystkonturen. Begge lokalitetane er heilt eller delvis skjult av Iksholmen og Bussholmen.

Det er registrert fleire friluftsområde i nærleiken av Alstein som alle ligg utanfor influensområdet og vil derfor ikkje bli påverka av etableringa av oppdrettsverksemda. Dess områda er: Eime nord-vest for Alstein som er eit ikkje verdisett friluftsområde, Vistvik i sør vurdert til svært viktig og Gunnarsskjera aust vurdert til viktig.

Det er ikkje registrert noko kulturminne eller kulturmiljø i influensområdet.

Det ligg tre ledingar og kablar frå ENC (WMS) i nærleiken av anlegget. Anleggets fortøyningar er plasser på ein slik måte at dei ikkje vil komme i konflikt med sjøkablene. På nokre av lokalitetane våre har me benytta oss av ROV til å bora hull for fjellboltar på intill 600 meter for å feste anleggsfortøyingane. Denne teknologien vil me nytta med fortøying av anlegget på Alstein. Dette gjer at me kan plassere fortøyingfesta med stor presisjon.

Me har etterspørt informasjon om kabeltype og eigar hos Statens kartverk, men enda ikkje fått denne informasjonen. Me vil ettersende den så snart me mottek det.

Konsekvensutgreiing og verknad på miljø

I samband med ein søknad i 2017 på same staden utarbeidde Rådgivande Biologer AS ei konsekvensutgreiing for lokaliteten. Verksemda oppsummera den samla belastninga med utviding av lokaliteten slik:

Tabell 7. Oppsummering av verdiar, verknader og konsekvensar av driftsfasen ved utviding av lokalitet Alstein

Fagtema	Verdi			Virkning					Konsekvens
	Liten	Middels	Stor	Stor neg.	Middels	Liten/ingen	Middels	Stor pos.	
Naturmangfald									
Naturtypar i saltvatn	----- -----	▲		----- ----- ----- -----	▲				Liten negativ (-)
Artsforekomstar	----- -----	▲		----- ----- ----- -----	▲				Liten negativ (-)
Verneområde	----- -----	▲		----- ----- ----- -----	▲				Ubetydeleg (0)
Naturressursar									
Område for fiske/havbruk	----- -----	▲		----- ----- ----- -----	▲				Middels negativ (--)
Område med kystvann	----- -----	▲		----- ----- ----- -----	▲				Middels negativ (--)
Nærmiljø og friluftsliv									
Friluftsområde	----- -----	▲		----- ----- ----- -----	▲				Ubetydeleg (0)

Figur 1s. Rådgivande Biologer AS sin oppsummering av samla belastning av driftsfasen med utviding av lokaliteten Alstein

Som det framkjem av figuren vil utviding av lokaliteten ha liten til ubetydeleg påverknad på området rundt seg, utanom på naturressursar som har middels negativ konsekvens. I vurderinga av lokalitetens påverknad på naturressursar legg dei spesielt vekt på lakselus.

Næringa sin samla lusepåverknad blir regulert gjennom produksjonsområdeforskrifta, og ikkje i klarering av einskild lokalitetar.

Forskriftas § 8 første ledd: seie:

«Produksjonskapasiteten i produksjonsområder for akvakultur reguleres i samsvar med områdets miljømessige bærekraft. Påvirkningen fra akvakultur på miljøet overvåkes etter de til enhver tid gjeldende miljøindikatorene, som fremkommer av annet ledd.»

Av § 8 andre ledd går det fram at påverknaden av lakselus på vill laksefisk er ein miljøindikator. Rogaland fylke ligger i produksjonsområde 2 (PO2). I fyrste vurderinga i 2017 blei påverknaden av lakselus vurdert til moderat og departementet gav PO2 gult lyst. Med den andre vurderinga i 2020 blei påverknaden av lakselus vurdert som moderat-lav og departementet gav PO2 grønt lyst.

Lokaliteten ligg lokalisert sør for Boknafjorden og kyststraumen går i all hovudsak nordover. Dette, i kombinasjon med at det nærmaste oppdrettsområde (Flekkefjord) sør for lokaliteten ligg om lag 110-120 km vekke, gjer at me forventar at lokaliteten er lite utsett for lakselus.

Resipient

DNV GL gjennomførte ein forundersøking av lokaliteten i 2017. Verksemda tok botnprøver med grabb og gjorde hydrografiske målingar. Botnprøvane blei analysert for kornstorleik og botndyr. Dei målte også surheitsgrad (pH) og redokspotensiale (Eh) i sedimentet. Analysane av kornstorleik viste at Alstein er eit straumrikt område med lite sedimentering av fine partiklar. Oksygeninnhaldet i botnvatnet låg i tilstandsklasse I «Svært god». Den samla lokalitetstilstanden blei vurdert til klasse 1 «meget god», der:

- Målingane av surleiksgrad og redokspotensiale gav den beste tilstandsklassen «1»
- Den samla tilstanden frå ei visuelle observasjonane gav beste tilstandsklasse «1»

Botnfaunaen i anleggssonen (stasjon AL-1) blei vurdert som «Meget god» etter standarden NS 9410:2016 og tilstand «Svært god» etter rettleiar 02:2013_2015. Tilstanden for stasjonane i overgangssonen (AL-2, AL-3) og referansestasjon (AL-4) var høvevis «Svært god», «Svært God» og «Svært god» (rettleiar 02:2013_2015).

Ein lokalitetsrapport som NOOMAS Sertifisering AS laga i 2015 viser gode straumforhold med lokaliteten. Det var registrert sterk straum i alle vasslag med hovudstraumretning nordover med kyststraumen.

Polytec gjorde i 2014 ein evaluering av signifikant bølgehøgde på lokaliteten. I eit 50 års-perspektiv blei den signifikante bølgehøgda modellert til 5,2 meter.

DNV GL gjennomførte i 2017 MOM C-undersøking. Lokaliteten blei sett til tilstandsklasse 1 (særs god) etter NS 9410:2016 for alle fysiske parametar, og botndyrsamfunna viste tilstandsklasse «særs god tilstand», for både nær,- overgangs- og fjernstasjonen etter rettleiar 02:2013. Slik konkluderte DNV GL med at resipienten har særs gode tilhøve og har naturtilstand.

Tilsaman viser desse undersøkingane at resipienten vil handtera den søkte MTB på ein god måte.

Oppsummering

På bakgrunn av faktorane som er skildra i dette følgebrevet vurderer Bremnes Seashore Alstein som ein attraktiv og god lokalitet. Dette fordi lokaliteten vil gi gode produksjonsresultat samtidig som den gir små negative effektar på områder rundt anlegget. Den vil også bidra til å jamna ut situasjonen mellom våre fire utsettssonar som vil gje oss ein jamnare slaktesituasjon, noko som er svært viktig for vår pakkeri- og foredlingsaktivitet.

Med vennlig hilsen
Bremnes Seashore AS

Geir Magne Knudsen
fagsjef strategi og utvikling

Bjørnar Michaelsen-Svendsen
samfunnskontakt